

# Møteprotokoll

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - arbeidsutvalet (AU)  
**Møtestad:** E-postmøte  
**Dato:** 30.04.2015  
**Tidspunkt:** 09:00

---

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon
Ivar Kvalen	Leiar
Sven Flo	Nestleiar
Gunnvor A. Sunde	Medlem

**Følgjande faste medlemmer meldte forfall:**

Namn	Funksjon
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Funksjon
Oddmund Klakegg	Medlem

---

**Merknadar**

---

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Christian E. Pettersen	Nasjonalparkforvaltar/sekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

---

---

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 11/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 12/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 13/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om snøscootertransport av robåt til Blåvatnet i Befringsdalen i Jølster kommune		2015/1624

**ST 11/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 30.04.2015**

**Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden

**ST 12/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 30.04.2015**

**Handsaming i møte**

Gunnvor A. Sunde og Oddmund Klakegg vart føreslått til å underskrive protokollen.

**Vedtak**

Gunnvor A. Sunde og Oddmund Klakegg vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet.

Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Leiar Ivar Kvalen må også skrive under.

Arkivsaksnr: 2015/1624  
Saksbehandlar: Christian E. Pettersen  
Dato: 30.04.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU	13/15	30.04.2015

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om snøscootertransport av robåt til Blåvatnet i Befringsdalen i Jølster kommune**

### **Saksopplysningar**

#### **Dokument og telefonsamtalar i saka:**

- Søknad på e-post frå grunneigarane v/ Per Heggheim, mottatt 28. april 2015
- Telefonsamtalar med Jonny Lofnes (Jølster kommune) og Per Heggheim, høvesvis 29. og 28. april 2015
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

### **Søknaden**

Grunneigarane på Befring v/ Per Heggheim har sendt søknad om løyve til scootertransport av robåt til Blåvatnet i Befringsdalen i Jølster kommune. Søkar har opplyst om at grunneigarane på Befring i lang tid har disponert ein felles robåt i vatnet for kultivering av fisken og til rekreasjon. I løpet av vinteren har denne båten blitt knust av snømassane, og den let seg ikkje reparere. Dei ønskjer difor å frakte inn ein ny robåt. På grunn av dei gode snøforholda som er no ønskjer dei å nytte snøscooter til å transportere båten inn til vatnet snarast mogleg.

Nasjonalparkforvaltaren har òg hatt telefonsamtalar med og Jonny Lofnes frå Jølster kommune og Per Heggheim angåande saka.

### **Lovgrunnlag**

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel til dette føremålet. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova (NML) som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I NML § 48 står det at «forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et verneverd tak dersom det ikkje strider mot verneverdtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Søknaden skal også vurderast etter NML §§ 8-12.

## Vurdering

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark (etter verneforskrifta pkt. III) er å:

- verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i verneområdet då dette kan ha negative effektar på verneverdiane gjennom forstyrring, slitasje og støy. Det er difor eit mål å halde omfanget av motorferdsel så låg som mogleg.

Grunneigarane på Befring har sidan før vernet kom på plass hatt liggande ein felles robåt ved Blåvatnet, ca. 2 km innanfor nasjonalparkgrensa. Denne har vore nytta i samband med kultivering av fisk og til rekreasjon. For å få på plass ein ny båt er transport med snøscooter ein fornuftig løysing.

Det ligg føre god kunnskap om naturmangfaldet i det aktuelle området. Det er òg handsama fleire saker om motorferdsel i dalen. Forvaltaren vurderer difor kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet og effekten av påverknadane av snøscootertransport til å vere tilstrekkeleg (jf. NML §§ 8 og 9). Ein konstaterer at aktiviteten ikkje vil føre til inngrep i landskapet av nokon art. For dyreliv og friluftsliv kan motorferdsel ha ein forstyrrende effekt. Med dei vilkåra som er sett i løyvet, vert motorferdsla avgrensast i tid og rom til det som er mest naudsynt, og vil ikkje forstyrre friluftsliv nemneverdig.

Det er ikkje registrert hekkelokalitetar av rovfugl eller førekomstar av andre artar som er spesielt sårbar for forstyrring i den aktuelle tidsperioden. Samstundes er det lite motorferdsel, og sjølv få turar med snøscooter kan verke forstyrrende på dyrelivet. Motorferdsel i området bør difor avgrensast til berre det mest naudsynte. Av omsyn til vegetasjonen må bruk av snøscooter skje ved gode snøforhold. Ein vurderer at bruk av snøscooter under dei tilhøva som er no ikkje vil medføre slitasje.

I denne delen av nasjonalparken er det lite anna aktivitet som bidreg til at den samla belastninga på økosystemet kan bli for stor (jf. NML. § 10). Vidare er det ikkje aktuelt å stille fordyrande vilkår. Det er heller ikkje aktuelt å vurdere anna transportmiddel for gjennomføring av tiltaket. §§ 11 og 12 i NML vert difor ikkje vurdert nærmare.

Etter ei konkret vurdering der nasjonalparkforvaltaren særleg har veklagt at tiltaket ikkje strir mot verneverdiane og verneformålet, meiner nasjonalparkforvaltaren at det med dei gitte vilkåra kan gjevast løyve til tiltaket.

## **Innstilling frå forvaltaren**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, ved arbeidsutvalet, gjev grunneigarane på Befring løyve etter naturmangfaldlova § 48 til snøscootertransport av robåt til Blåvatnet i Befringsdalen i Jølster kommune.

Løyvet vert gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld perioden 30.04. – 16.05.2015
- Løyvet gjeld éin tur med éin snøscooter
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv, og ein bør unngå køyring på heilagdagar
- Køyringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og den kan berre skje på is- eller snødekt grunn
- Løyvet skal vere med under køyring
- Køyringa skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn

## **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 30.04.2015**

### **Vedtak**

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.